

Voss mdg

Skap ei framtid å gle seg til



MILJØPARTIET DEI GRØNE VOSS
VALPROGRAM 2023-2027



VALPROGRAM VOSS HERAD 2023-2027

For menneske og miljø

Vil Voss sin lokalpolitikk endra
noko viktig i livet ditt?
Eit vanskeleg spørsmål, kanskje.
For me er jo alle så ulike. Eller, er me det?
Folk flest vil vera ein del av eit fellesskap,
bli møtt med forståing, og leva gode liv.

Politiske parti har heilt ulike forslag til løysingar på vår tids utfordringar. Berre Miljøpartiet Dei Grøne har ein politikk der målet ikkje er vidare vekst og meir forbruk. For naturen si toleevne er nådd, og det må me alle ta inn over oss.

I Voss herad er me stolte av naturen som me viser fram og boltrar oss i. Like fullt minkar det på naturperler og skog nær folk, og urørte turområde og matjord forsvinn bit for bit. Me menneske er avhengige av naturen rundt oss. I framtida vil den vera heilt avgjerande. Me vil ha konkrete og kraftfulle tiltak for å redda naturmangfaldet og klimaet.

MDG har ikkje fasitsvar på alle utfordringar som heradet vil møta i åra som kjem. Men me set klima, natur og eit medmenneskeleg samfunn fyrst. Me vil kjempa for rettferd, og mot lobbyisme og utbyggingspress. Difor er valet viktig, og difor skal du røysta MDG. Di stemme er med å påverka kva retning samfunnet skal gå.

Her kan du lesa om politikken vår i korte trekk.



Små, men viktige steg

Voss MDG har hatt to representantar i kommunestyret og fast plass i formannskapet dei siste fire åra.

Me er i politisk mindretal, men me har vore pådrivarar for ein eigen klimaplan for Voss herad og ein communal klimarådgjevar.

Partiet har påverka ordskiftet i ein grønare retning og stått på for berekraftige og miljøvenlege tiltak, betre jordvern og mot vidare hyttebygging i Vossnaturen. Voss MDG har òg engasjert seg spesielt i vilkåra for dei unge i skule og oppvekst.



Nei til kraftutbygging i den varig verna Raundalselva



Voss mdg

Klima, natur- og miljøvern

Klimaplanen for Voss har liten verdi utan kraftfulle tiltak. Tidlegare vedtekne reguleringsplanar opnar for over 3000 nye hytter og fritidsbustader i heradet.

MDG vil ha ein planvask og revurdering av gamle reguleringsplanar med bakgrunn i ny kunnskap om klima, naturkrise og jordvern. Tap av naturareal truar biologisk mangfald og karbonlagring, og øydelegg naturen si evne til å dempa flaum. Nasjonalt har MDG programfesta nei til kraftutbygging i alle verna vassdrag. Flaumsikring skal finansierast av storsamfunnet. Vossavassdraget har særskilt nasjonale verneverdiar som det ikkje må rokkast ved. MDG er i mot vindkraftparkar i Vossafjella.

Bevar friområde og 100-meterskogar

Voss mdg

Naturen nær heimen er viktig for trivsel, rekreasjon og folkehelse, for pjokken i barnehagen så vel som for oldemor. Difor skal me ta vare på friområde og "vill natur" som Prestegardsmoen, Bømoen og andre lett tilgjengelege turområde. Det er bra for insekta og fuglane – som me òg treng i liva våre. Heradet må syta for vern av sårbar natur som vassdrag, myr og gammal skog, og ha ei restriktiv linje for skogs- og hyttevegar og motorisert ferdsel.

Økosystema i Voss herad må kartleggjast, og fylgjast opp med tiltak, særleg for områda som er sårbare i møte med menneskeleg aktivitet. Eit av hovudpunktata i FN sin naturavtale er å vera 30 prosent av landjorda innan 2030. Voss har under 6 prosent vern. MDG vil at heradet skal syta for meir vern av alle representative naturtypar. Det er òg viktig å ikkje gje dispensasjonar frå arealplanar, med tanke på biologisk mangfald, allemannsrett og naturoppleving.

Dyrevern på alvor

Både ville dyr og husdyr har rett til verdige liv. MDG ynskjer eit etisk forsvarleg husdyrhald, ikkje intensiv volumproduksjon.

Me støttar landbruk som brukar lokale ressursar. Tett oppfylging og rådgjeving frå fagetaten vil vera med å sikra betre dyrevelferd. Mobile slakteri og gardsslakteri er best for dyra. MDG vil ha streng handheving av bandtvang, av omsyn til beitedyr og vilt. Men difor er det òg viktig at heradet tilrettelegg inngjerda område der hundar fritt kan utfalda seg. Solidaritet med dyr er viktig i MDG sitt program. Økosystema treng berekraftige bestandar av alle rovdyr og rovfuglar som hører heime i norsk natur.

Alle dyr har
eigenverdi





Voss mdg

Kort veg frå jord til bord

Det me alle lever av

Landbruket i Vossabygdene har lange og stolte tradisjonar, men næringa er under press. MDG sin politikk legg stor vekt på å forvalta dyrka område på ein klok og framtidsretta måte, gjennom aktivt jordvern og meir beiting. Næringsa er viktig for å ta vare på kulturlandskapet og gje grunnlag for anna lokal verksemd og trivsel i bygda. I framtida vil sjølvberging bli meir viktig.

I det store biletet er beredskap og deling av kloden sine goder noko av det alle viktigaste i politikken. MDG støttar eit meir klimavenleg og berekraftig landbruk der meir av jorda blir brukt direkte til produksjon

av mat for folk, mindre importert kraftfør og meir av norskprodusert før og beiting. MDG vil at heradet brukar meir kortreist mat, stiller med gratis torgplass, tilrettelegg parsellhagar og har tiltak og kompetanse som fremjar økologisk matproduksjon. Heradet må støtta tiltak som gjer landbruket berekraftig og meir klimavenleg. Gjennom prosjekt som Karbonfangst i Vossajordbruket kan næringa ytterlegare bidra i heradet sin klimarekneskap. Det er viktig at drift og skjøtsel av skog tek omsyn til naturmangfaldet. Me vil styrkja forvaltninga av fiskebestandar og arbeidet for Vossolaksen, og stimulera til matauk i fjellet.

Matsvinn er sløsing av ressursar, det er uheldig for miljøet, det kostar samfunnet og forbrukarar mykje, og det er uetisk ovanfor alle som har lite. MDG vil at heradet skal vera ein pådrivar for å redusera matsvinn i samfunnet.



Jordvern, naturkrise og klima krev ny politikk



Busetnad og hytter

MDG vil verna matjord og utmark mot nye hyttefelt og utbygging. Gamle reguleringsplanar må få ein kritisk gjennomgang, planvask og reversering, og det må stillast krav til arealnøytralitet, klima, flaumdemping og allmenne interesser. Det må òg kunna stillast krav om mindre hytter, delingsløysingar, terrengtilpassing og estetikk.

I staden for bygging i urørt natur vil MDG ha fortetting i sentrum eller i eksisterande byggje- og hyttefelt nær daglege tenestetilbod og kollektivtransport. Energiøkonomisering, solcelletak og fornybar energi er viktig ved all planlegging, og heradet må ha nødvendig kompetanse og vera ein aktiv rådgjevar. Me ynskjer strenge miljøkrav i

kommunale bygg, med omfattande bruk av tre, solcelleanlegg, fjernvarme eller andre fornybare energikjelder. Heradet bør bidra til å ta vare på eldre bygningar, gardshus og bygningsmiljø for klimaet og byggjeskikken sin del. MDG vil ha eit kommunalt prosjekt med mål om rimelege bustader til unge og nyetablerte familar.

Mange hytter er lite brukt gjennom året. I staden for stadig nybygging vil MDG oppmuntra til ein berekraftig delingsøkonomi der hytter enkelt kan leigast ut. Heradet kan stilla krav om utleige. Gjennom skattegrep og digitale løysingar kan hytte- og friluftslivet opnast for dei som ikkje har råd til hytte. Leilegheiter og bustadhus vert i aukande grad kjøpt og brukt som fritidsbustader. Det påverkar bu-miljøa og prisnivået på bustader, og heradet må styra denne utviklinga til beste for eigne innbyggjarar og lokalmiljøa. Bygging må ikkje gå ut over allmenta sin tilgang til strand, fjord og andre friområde.

Bygg og bu med **omtanke** for klima og miljø



Berekraftig samferdsel

Samfunnet har vore styrt på privatbilen sine premissar. Transport står for ein fjerdedel av klimagassutsleppa i Noreg og er den desidert største kjelda til mikroplast.

Då blir det feil å satsa på motorvegar som aukar trafikken og raserer natur. MDG vil heller ha betre vedlikehald og rassikring på kvaradays vegane, og gjera det enkelt og rimeleg å reisa kollektivt med eit landsdekkjande månadskort. Voss herad må i arealplanlegging og kontakt med fylket, styresmakter og transportselskap gjera det enklare å reisa kollektivt, sykla og gå.

MDG vil at Vangen skal vera ein stad der det er triveleg og trygt å bu, handla og opphalda seg, med sosiale møteplassar for alle generasjonar. Vangsgata som gågate er ei viktig brikke i dette.



Vangen blir best med gågate

Balanse og verdiskaping

Eit næringsliv som ikkje truar naturen si tolegrens må til for å skapa berekraftige arbeidsplassar og velferd i framtidia. Voss treng samspelet mellom kulturlandskap, vill natur og aktivitet, lokalprodusert mat, kultur og flinke folk.

Heradet må stimulera til grøn omstilling og hjelpe oppstartsverksemder med tilskot og rådgjeving – men det må stillast miljøkrav. MDG støttar spesielt firma med tilbod som fremjar god folkehelse, har lågt energiforbruk og skapar nye, miljøvenlege forbruksvarer. MDG vil ha nye, grøne arbeidsplassar innan reparasjon, avfall og gjenbruk og innovasjon – som representert ved Invertapro og Kitemill.

MDG støttar verksemder som satsar på berekraftig mat, dvs. vegetar og/eller økologisk og kortreist mat, eller tilbyr kurs i berekraftig kosthald. Me vil auka støtta til private aktørar og frivillige organisasjonar som tilbyr kunst- og kulturopplevingar i heradet. Kafé- og restaurantbesök, kino og kulturarrangement er ressursvenlege grøne aktivitetar som skapar aktivitet og lokale arbeidsplassar. Kommunal støtte til energieffektivisering og solcelletak vil kunna gje mange oppdrag til lokale firma.

MDG vil ha lønsløft i jordbruket for å sikra levande bygder. Heradet skal leggja til rette for lokal handel, ikkje store kjeder og kjøpesenter.

Arbeid motverkar fattigdom og sosiale ulikskapar og bidreg til inkludering, meistring og helse. MDG vernar om grunnleggjande rettar i arbeidslivet, som fast tilsetjing og medverknad til eigne arbeidsvilkår. MDG sentralt vil samarbeida med partane i arbeidslivet om at lønsauke gradvis vert erstatta med redusert arbeidstid. I eit grønt samfunn har me meir tid til kvarandre. Ved å dela på arbeidet sikrar me ein betre balanse mellom arbeid og fritid, arbeidslivet vert meir inkluderande og overforbruket flatar ut.



Kultur, sport og fritid

Meiningsfull fritid er viktig for helse og livsglede. MDG støttar lag og organisasjonar som sikrar eit mangfald av aktivitetar innan kultur, sport og friluftsliv.

MDG vil at heradet skal bidra til å gjera berekraftige fritidsaktivitetar lett tilgjengelege og fremja inkludering gjennom delingsløysingar, ombruk og gjenbruk av fritidsutstyr - gjerne i samarbeid med frivillige organisasjonar og lag. Det er viktig at det finst gratis aktivitetar, og offentlege eigedomar og hytter som familiar og lag kan få tilgang til.

MDG ser verdien av gratis og inkluderande samlingsstader for folk i alle aldrar. Ein av desse er Folkebiblioteket som er ein arena for lærings, kulturopplevingar og sosialt samvær. Dette er særleg viktig for barn og unge i familiar med låg inntekt som opplever sosiale eller økonomiske

**Latlivet leika
med lånt
utstyr**



Voss mdg

barrierar. MDG vil auka ressursane til biblioteket, som òg kan tilby utlån av utstyr, arrangera aktivitetar og turar i nærmiljøet i samarbeid med frivillige organisasjonar. Det kan utviklast tilskotsordningar for lag og bedrifter som tilbyr miljøvenlege og gratis ferie- og fritidstilbod.

Breiddedrett for alle aldrar er godt for folkehelsa og bør få eit lyft. Alle som opplever tilhørsle, samhald og meistring, får auka motivasjon til å vera aktive. Barn skal ikkje oppleva press for å prestera.

MDG vil stimulera ordningar for utlån av tur- og fritidsutstyr, slik at fleire kan delta.

Heradet skal stilla med gratis lokale til formidling av kunst, informasjon om kulturprosjekt, ulike arrangement og frivillig kaféverksemd. Me vil at alle bustadområde skal ha oppgraderte kommunale leikeplassar innan gangavstand. Bevaring av «100-meterskogar» for fri leik og rekreasjon nær bustadområda, er særsviktig. Me vil ha ei varig løysing for vedlikehald og allmenn bruk av Bømoløypa. På Voss er naturen som skapt for friluftsliv, men det er viktig at heradet har kompetanse til å balansera mellom tilrettelegging og vern av det urørte.

MDG vil arbeida for at toga får betre plass til syklar og sykkelturar, med tilrettelagde sykkelturar ut frå aktuelle stasjonar.



Dei unge, håpefulle

Å sikra nok barnehageplassar i nærmiljøet er noko av det viktigaste me kan gjera for småbarnsforeldra. MDG fremjar spesielt utegrupper og høve til leik og aktivitet i naturen. Gjennom oppveksten skal ungane verta trygge og sjølvstendige menneske som kan meistra utfordringane livet byr på.

Me vil ha ein skule som byggjer på eit heilskapleg menneskesyn for å ivareta mangfaldet av elevar. MDG fremjar både fordjuping og læringsglede. Samtidig er det viktig å verna om ungane si fritid. Det betyr nei til heildagsskule, og at skulen i hovudsak må vera leksefri frå fyrste til fjerde trinn. Læring må skje i ulike omgjevnader og ta utgangspunkt i barn og unge si ibuande evne og vilje til å læra og utvikla seg. Praktisk læring gjennom leik, etablering av skulehage, bruk av Inn på Tunet og ulike former for arbeidspraksis er gode tiltak. Me er positive til Trygg av natur og andre tiltak som gjev barn og unge motivasjon og livsmeistring.



Me vil sikra at barnehagar, skular og SFO kan søkja tilskot til etablering av kjøkkenhagar og dyrkeområde. Ungar treng å vera på stadar der dei får utfalda seg og vera i fysisk aktivitet – og i mindre grad sitja framfor ein skjerm. Til det er forska på korleis nettbrett gjev pedagogisk verdi, og korleis foreldre kan involverast i læringa, er vår nasjonale politikk å gjera 1.-4. klasse skjermfri, og avgrensa bruken i høgare klassetrinn. Heradet må saman med andre kommunar pressa på for at ungane skal kunna få alle digitale lærermiddel på nynorsk. Me vil at heradet opparbeidar kompetanse og ein strategi for å rettleia foreldre i den digitale kvardagen, og at dette er eit tema på helsestasjonen og i skulen.

MDG vil løyva meir til utstyrsparkar, verkstader, uteområde, skulehagar og anna som gjev rom for praktisk og variert læring i heile grunnskulen. Kulturskulen må ha eit breitt tilbod, og helst organisert slik at mange elevar slepp å reisa langt. Reisetid er òg ein av grunnane til at MDG vil behalda grendaskulane.



**Livet handlar om
korleis me
møter
kvarandre**

Voss mdg

Allsidig læring for kropp og sjel



Helse heile livet

Helse handlar om meir enn fråvær av sjukdom. Heradet må leggja til rette for møteplassar der kvar og ein kan vera sosiale og aktive på sitt nivå. Einsemde og prestasjonsjag kan utløysa psykisk sjukdom, men den kan førebyggjast. Helsepolitikk må sjåast i samanheng med fleire andre politiske område. MDG står for eit sterkt offentleg helsevesen, men med spesiell fokus på førebygging.

Tilgang til natur og trygg mat er viktige ingrediensar for eit liv med god helse, mindre stress, angst og depresjon. MDG vil auka støtten til frivillige og andre som bidreg til omsorg og aktivitar for eldre og

pleietrengjande, og som aukar livsgleda for bebuarar i kommunale institusjonar. MDG vil arbeida for tilstrekkeleg og forsvarleg bemanning på sjukeheimane og styrkja førebyggjande tiltak for eldre og uføre gjennom kvardagsrehabilitering og tilrettelegging i heimen. Me vil at eldre som ynskjer mat levert heim frå kjøkkenet på Vetleflaten, skal kunna få det. Ein vaktmeister som kan hjelpe heimebuande eldre med naudsynte oppgåver er ei kommunal stilling som me vil støtta. MDG vil at heradet skal syta for universell utforming som særskilt gjer kvardagen enklare for eldre og uføre – gjennom betre planarbeid og utforming av informasjon, utbetring av fysiske hinder og oppfylging av lover og reglar.

Heradet skal tilby fleire tilrettelagde arbeidsplassar for folk med nedsett arbeidsevne.



Voss er for alle



Demokrati og samfunn

Det må vera lett å få oversikt over heradet sine tenester, og lett å få svar frå alle relevante nivå, og administrasjonen må vera tilgjengeleg. Open og tydeleg kommunikasjon er viktig – på nettsida, i brev og planar som skal på høyring.

Heradet sine tilsette må få auka kunniskap i å skriva klare svar, på god nynorsk. MDG vil arbeida for demokratiske prosessar og tiltak som kan bidra til eit positivt og nært forhold mellom innbyggjarane og kommunen. Me ynskjer å styrkja demokratiet ved at folk får innsyn i politiske saker, gjennom opplyst offentleg debatt, opne debattforum og engasjement av ungdom i politiske arbeid. Parti, lag og organisasjonar må kunna ta i bruk enkelte kommunale bygg gratis til møte og arrangement. Heradet må gjera nødvendige grep for at alle med nedsette funksjonsevner skal kunna delta i samfunnet på linje med andre.

MDG har lenge stått framme i kampen for skeive sine rettar i samfunnet. Det er viktig at Voss herad syter for nok kunniskap og innsikt om kjønns-, relasjons- og seksualitetsmangfold hjå tilsette som kjem i kontakt med LHBT-personar i arbeidet.

MDG meiner at Voss kan ta i mot fleire flyktningar. Dette krev aktiv integrering, der språkopplæring og tilgang til praksis- og arbeidsplass går hand i hand.

Heradet må vera ein aktiv koordinator, og syta for spreidd busetting av flyktningar og fordeling i ulike skuleklassar. Kulturutveksling, tilskipingar og samkvem og kan berika oss gjennom gjensidig forståing og aksept av skilnadane.

La elva leva



kraftutbygging i mange vassdrag. Raundalselva er det einaste store urørte vassdraget me har att, og elva er varig verna. Verneverdiane er veldokumenterte og nasjonale. Andre løysingar enn gigantiske flaumtunnellar med utløp i Granvin må utgreiaast og takast i bruk før ein set klimarekneskapen, naturmangfaldet, Vossolaksen, næronaturen og fjorden i Granvin på spel. Løysingane må fagmiljøa koma fram til i ein prosess styrt av NVE. Men å tru at Raundalselva skal kunna betala for flaumsikring gjennom ei "skånsam" kraftutbygging, er ei avsporing.

Forvaltaransvaret som Voss har for naturverdiane, overgår omsynet til menneskeskapt infrastruktur – som trass alt kan sikrast, omdisponerast eller erstattast. MDG meiner at ein i tillegg til lokale tiltak må arbeida vidare med naturbasert flaumdemping. Det handlar om å flata ut flaumtoppane ved å restaurera økosystem, våtmark og myr, bevara og utvikla skog og kantvegetasjon, og gje plass til vatnet.

Flaumsikring

Klimaendringar gjer at deler av heradet blir meir utsette for ras og flaum. MDG meiner me i større grad må læra å tilpassa oss naturen, ikkje tilpassa naturen til oss. Ekstrem nedbør rammar kommunar ulikt, ofte pga. mangelfull planlegging, disponering og kristeforståing. Men årsakene kjem av nasjonale og globale utslepp. Difor er det eit nasjonalt ansvar å finansiera avbøtande tiltak.

MDG har programfesta nei til utbygging av alle verna vassdrag i Noreg. MDG vil ikkje at ei Raundalselv lagt i røyr skal spelast inn i debatten om finansiering av tiltak. Voss har alt bidrige til storsamfunnet med

**Enno ikkje for seint å gå
frå ord til klimahandling**

Ei framtid å gle seg til

Å redusera forbruket til eit nivå som naturen toler - det er svaret på mange av vår tids største utfordringar og kriser. Dei Grøne sin filosofi er å gjera det enklare å velja meir fritid framfor høgare løn - med meir tid til familie og vener, kultur, friluftsliv og frivilligheit. Målet vårt er ei framtid med mindre stress og mindre jag etter forbruk og prestasjonar. Til beste for klima, miljø, deg og dine.

Me vil arbeida for eit grønare og trivelegare lokalmiljø med fleire møtestader og kreative byrom, nærnatur som innbyr til leik og avkopling, gode kollektivtilbod og trygge vegar for sykkel og gange.

Altfor lenge har me tenkt at menneska kan - og skal - forsyna seg av naturen for å skapa velferd og framgang. No brukar me for mykje! Det er heller ikkje slik at nordmenn flest treng meir forbruk for å auka livskvaliteten. For dei fattige i verda er det nødvendig at rike land reduserer forbruket og brukar ressursar meir effektivt. Men heldigvis treng ikkje dette bety lågare livskvalitet. Forsking viser at enkel tilgang til natur og grøne lunger er positivt for fysisk og psykisk helse, blant anna gjennom å redusera stress, angst og depresjon. Det kan auka kreativiteten og bidra til betre merksemd og konsentrasjon. Å vera ute i naturen gjer at du føler deg heime fysisk, mentalt og sosialt.

I dag er det få som tviler på menneskeskapte klimaendringar. Men mange tenkjer at dette ikkje er eit personleg ansvar. Kjennsgjerninga er at nasjonen Noreg er ein klimaversting, og at utviklinga har fått lov å gå i feil retning altfor lenge. Landet treng eit ekte grønt skifte! MDG tek dei unge på alvor og lovar å gjera alt me kan for ei framtid dei kan gle seg til.

For alle, for alltid

mdg



Voss MDG sine kandidatar

1. Trygve Lyshagen Tømmerås (1997, lærar)



Eg har i fleire år vore aktivt engasjert i politisk arbeid i Porsgrunn kommune-styre og for MDG i Telemark. No er eg godt etablert i Skulestadmo med sam-buar, og er lærar ved Voss vidaregåande skule. Som ung politikar er eg opptatt av at vedtak i heradsstyret formar Voss og kvarдagen til komande generasjonar. Det er viktig å ta lerdом av fortida, og bringe inn nytenking og nye perspektiv. Eg vil kjempe for MDG sine kjernesaker gjennom engasjement og samarbeid med andre. Friluftsliv ligg mitt hjarte nær. Det er eit fag eg har utdanning i, og eg sit i DNT sitt sentralstyre. Eg har mastergrad i naturforvaltning.

2. Yngve Øyeplatene (1991, lærar)



Som lærar er barnehage, skule og oppvekst politikkområde som engasjerer meg, og som eg gjerne vil ta med meg i heradsstyret. Mitt engasjement for natur- og dyrevern, friluftsliv og dyrevelferd gjer det naturleg for meg å stilla til val for MDG. Eg vil vera med å fremja folkehelse og livsmeistring. Eg er tilsett på villmarkslinja ved Voss vidaregåande skule, med naturforvaltning og geofag som fagfelt.



3. Tonje Opkvitne (1977, ingeniør)

Kva med mindre forbruk og meir sirkulærøkonomi? Eit sterkt jordvern? Barn og unge som føler meistring i skulen, ein endå betre eldreomsorg med nok folk og nok tid? Eg vil vera med å hjelpa til for å oppnå dette! Voss har ein fantastisk natur og ei varig verna elv som me må passa på, så sjølvsagt må fokus på natur, miljø og klima vera med. Eg ynskjer å løfta fram grøn næring og grøne arbeidsplassar på Voss, og vera med å bidra til fleire riktige og framtidsretta avgjersler i Voss herad. Til dagleg jobbar eg med drift og vedlikehald av medisinsk utstyr på Voss Sjukehus



4. Hilde Tang Hystad (1985, lege)

Eg vil jobbe for ei framtid der me viser omsyn til andre menneske, naturen og oss sjølve. Ei framtid der me lever litt langsamare, med tid til kvarandre, tettare på naturen og der me reduserer forbruket vårt. Eg brenn for gode oppvekstvilkår som gir trygge barn og unge og betre folkehelse. Eg er opptatt av arealpolitikk og vern av natur og vil at Voss herad skal verte arealnøytral.

5. Ingar Flatlandsmo (1982, seniorrådgjevar)

6. Inge Draugsvoll (1963, privat næringsdrivande)

7. Sigrid Bjordal (1982, lege)

8. Øyvind Birkeland (1979, miljørådgjevar)

9. Sveinung Klyve (1960, seniorrådgjevar i Vestland fylkeskommune)

10. Øyvind Persby (1964, økonom)

11. Rigmor Onarheim (1963, seniorrådgjever leiarutvikling)

12. Terje Øvsthus (1954, lausarbeidar)



voss.mdg.no



Vil du bidra til beste for menneske og miljø?

Voss mdg

Er du einig i mange av våre tankar om korleis heradet skal vera ein god stad å leva og bu? Du er alltid velkommen som medlem eller frivillig - og sjølvsagt som veljar! Meir info finn du på nettsida vår voss.mdg.no

facebook.com/mdgVoss
instagram.com/vossmdg